

Til styret og generalforsamlinga i

Sparebankstiftinga Hardanger

RSM Hasner Kjelstrup & Wiggen AS
Statsautoriserte revisorer
Strandavegen 11
Postboks 136, NO-5701 Voss
T+47 56 52 04 00 F: +47 56 52 04 01
Org.nr. 982 316 588 MVA

MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Me har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Hardanger, som viser eit overskot på kr. 29 358 960. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap og ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen og for at den gjev eit rettvisande bilet i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn naudsynt for å gjera det mogleg å utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei mening om denne årsrekneskapen. Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at me fylgjer etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å få tilfredsstillande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for tala og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforma revisjonshandlingar som er høvelege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei mening om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er høvelege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Me meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Me meiner at årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Sparebankstiftinga Hardanger per 31. desember 2014 og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoan i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framleggget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvalting

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner me at stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtekten elles.

Voss, 25. februar 2015



Åse Steen – Olsen

Statsautorisert revisor